



## Lab. medisinsk biokjemi – Informasjon november 2018

### Endring av prøvetakingsrør frå Vacuette til Vacutainer frå 3. desember 2018

Som følge av at det har vore gjennomført ein anbodskonkurranse på prøvetakingsrør i Helse Vest, må Helse Førde skifte gel-rør frå Vacuette til Vacutainer. Skifte vil skje frå 3. desember 2018.

Laboratoriet har utført testing av alle analysar i «nye» rør mot «gamle» rør, og resultatet viser at det er godt samsvar. Unntaket er TSH, der det er påvist ei nivåstigning opp mot 20 %. Vi har tidlegare registrert at dei fleste pasientane ligg i den nedre delen av referanseområdet. Nivåendringa som vil skje ved skifte av rør vil truleg føre til at referanseområdet vil passe betre.

Pasientar som er under kontroll/behandling vil med dette nivåskiftet få ein høgare TSH- verdi, medan det for nye pasientar ikkje vil ha nokon betydning. I ein overgangsperiode (ca. 3 månader) vil det følgje med ein analysekommentar til TSH i svrappporten, for å minne på dette nivåskiftet.

Alle legekantor vil få tilsendt nye prøverør ( Vacutainer) til 3. desember (treng ikkje bestille), og dei gamle røra (Vacuette) skal ikkje brukast lenger. Dei nye røra er lett å kjenne att, då dei har gul kork (sjå bilete).




### Meld deg på nyheitsbrev frå lab. medisinsk biokjemi og blodbank i Helse Førde

Du kan melde deg på nyheitsbrev til lab. for medisinsk biokjemi og blodbank (LMBB) i Helse Førde går ein inn på nettsida:

<https://labanalyse.helse-forde.no>

Midt i bilete vel du «Lab-info», då får du opp sida med nyheitsbrev

Her vil det bli lagt ut informasjon frå LMBB som er nyttig for både eksterne og interne rekviertar.



Ved å melde seg på nyheitsbrevet vil du motta e-post når ny informasjon vert publisert. Den nye informasjonen vil komma fram i e-posten, og du kan også gå inn på nettsida vår for å lese den.

Skriv inn e-postadressa du ynskjer å motta nyheitsbrevet på, og trykk «Send». Du vil då motta ein e-post der du må stadfeste påmeldinga. Når du opnar e-posten som du har fått, og trykker på «Bekreft din epostadressa», trykker så «Bekreft» ein gong til, då er du påmeldt.

HELSE FØRDE

Labanalyser i Helse Førde

Analysar   Lab-info   Bestill prøvetakingsutstyr

Meld deg på vårt nyheitsbrev:

Skriv inn epostadressa di her og trykk "Send" for å melde på nyheitsbrev.

Lab-info

Glukosebelastning på gravide

Lab. medisinsk biokjeml – Informasjon mars 2018 31.03.2018

[Forrige side](#)   [Side 1 av 1](#)   [Neste side](#)

Førde 26. november 2018

Åse Reikvam  
Avdelingssjef

Rune J. Ulvik  
overlege